

Høyring av verneplan for skog

Utviding av Humleneset naturreservat med endring av namn til Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat, Seljord kommune



Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Juni 2025**

Innhald	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang og innkomne merknader.....	4
5. Verneplanens omfang.....	8
6. Faktaark.....	8
7. Forslag til verneforskrifter.....	14

Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag til utviding av Humleneset naturreservat, med endring av namn til Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat.

Bakgrunnen for forslaget er fire ulike tilbod frå 19 eigedomar om frivillig vern av skog. Tilboda kom i perioden frå 29. april 2020 til 10. juni 2021 frå skogeigarforeininga AT skog. Det vart sendt oppstartsmelding 19. mai 2023.

Området vart kartlagt i perioden 2021-2022. Frå før var det i 2003 kartlagt ein større naturtype med rik edellauvskog i lisida ovanfor Kivlegrendi og fleire nøkkelbiotopar (MiS) gjennom skogbruksplanlegginga. I alt 38 raudlista artar og 2 raudlista naturtypar er registrert innafør tilbodsområdet.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, under dette auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa setja mål om vern av både offentleg eid skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet.

Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs bærekraftsmål 15](#) som har som mål å verna, gjenopprette og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, nedkjempa ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing og dessutan stansa tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakstar for dei områda der det er behov for det. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir oversend grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet oppnemner ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandla med grunneigarane eller representanten til grunneigarane. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfaldslova. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel blir gjennomført før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtak er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av mangfaldet til naturen (naturmangfaldslova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldslova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldslova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om skiping av naturreservat blir gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldslova, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som
a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
b) representerer en bestemt type natur,
c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang og innkomne merknader

Formell start på verneplanarbeidet var 19. mai 2023, og frist for innspel var 5. juli 2023. Det vart meld oppstart for 17 område samtidig og det kom inn totalt 11 merknader. Det er sju innspel som er knytt til området Kivledalen - Spådomsnuten – Humleneset:

Språkrådet (brev dagsett 1.6.2023) uttaler følgjande:

“Kivledalen – Spådomsnuten – Humleneset naturreservat (utviding), Seljord kommune

Her er det ikkje klart kva som er tenkt som namn på det utvida verneområdet. Humlenes utgjør berre ein liten del av det utvida området. Vi ber Statsforvaltaren syte for at det i neste runde av saka går tydeleg fram kva som er tenkt som namn på området. Vi gjer elles merknsam på at namnet på det eksisterande naturreservatet ikkje er registrert i SSR, og at Humlenes (ubunden form) er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet.”

BaneNor (brev dagsett 14.6.2023) uttaler følgjande:

“Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 19.05.2023. Ingen av verneområdene berører jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.”

Forsvarsbygg (brev dagsett 23.06.2023) uttaler følgjande:

“Vi viser til brev 19. mai 2023 med melding om start av verneplanprosess for frivillig vern av skog for 17 områder i kommunane Bamble, Fyresdal, Holmestrand, Tønsberg, Kviteseid, Midt-Telemark, Nissedal, Notodden, Seljord, Tinn og Tokke. Forsvarsbygg gjev høyringssvar i slike saker med det utgangspunktet å ta vare på Forsvaret sine arealbruksinteresser.

Vi ser foreløpig ingen konfliktar med det foreslåtte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsyn te unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber òg om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget.”

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) (brev dagsett 30.06.2023) skriv mellom anna: “Kivledalen - Spådomsnuten – Humleneset

Området røyrrer ved koparførekomsten Eisand⁸ som ikkje er vurdert av NGU og i ytterkant av sand- og grusførekomsten Flatdal⁹ som er vurdert til å ha liten betydning som byggeråstoff. DMF forventar at det innhentast meir informasjon om koparførekomsten med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning. Dette må gå fram av høyringsdokumenta.”

Naturvernforbundet i Øst-Telemark (e-post med vedlegg dagsett 05.07.2023) uttalar følgjande:

“Vi er positive til at flere verdifulle skogområder i Notodden og Tinn vernes. Det er spesielt gledelig at det kommer inn gode tilbud fra skogeiere rundt Follsjå, et område vi har hatt fokus på, og der det har vært god dialog med skogeierne. Samtidig er vi opptatt av at det er de viktigste områdene som må prioriteres først, spesielt nå i en situasjon der det er begrenset med midler og lang kø av vernekandidater. Vi er også opptatt at grensene for verneområdene trekkes slik at de fanger opp verneverdiene på en helhetlig og god måte. Det er særlig områder i lavlandet og andre typer som har lav dekning av vern som vi ønsker å ha et spesielt fokus på.”

Naturvernforbundet har spesifikke kommentarar til nokre område, men Kivledalen - Spådomsnuten – Humleneset er ikkje bland desse.

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE (brev dagsett 05.07.2023): Det er gjort eit utdrag av den delen av uttala som omfattar Kivledalen - Spådomsnuten – Humleneset.

“NVE har sett gjennom meldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m. Vi vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg.

*I de foreslåtte verneområdene Brånås, Storskog, Kringsås, Heggeneset, Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia og **Humleneset (utv.)** er det nettanlegg som krysser områdene. NVE ber om at standardbestemmelsene for nettanlegg inkluderes i verneforskriftene for disse områdene, slik at drift, vedlikehold og oppgradering kan gjennomføres. Vi forutsetter at nettselskapene uttaler seg dersom standardbestemmelsene ikke dekker deres behov.*

Telemark Nett AS har områdekonsesjon og eier nettanlegg som krysser deler av området. Statnett SF har nettanlegg som ligger ved foreslåtte utvidelse av Humleneset. Det går en kraftverkstunnel som tilhører Sundsbarm vannkraftverk under terrenget. Skagerak Kraft AS eier Sundsbarm vannkraftverk. Det foreslåtte verneområdet ligger også nært et minikraftverk, eid av Hovuduk Kraftverk AS, med tilhørende rørgate som berører området.”

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 24.07.2023) ber om at det av høyringsdokumenta må kome fram korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli

ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stolar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

STATSFORVALTARENS KOMMENTARAR TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Språkrådet ber Statsforvaltaren syte for at det i neste runde av saka går tydeleg fram kva som er tenkt som namn på området. Kivledalen, Spådomsnuten og utviding av Humlenes naturreservat er nytta namn i oppstartsmeldinga. Statsforvaltaren vel å foreslå Kivledalen og Spådomsnuten som namn på heile området. Spådomsnuten er namnet på ein kjend topp i området som det knyter seg eit kjend segn til;

I flere hundre år har folk i Seljord og Flatdal snakket om den såkalte Spådomsnuten som henger oppe i fjellsiden over Flatsjø. Sagnet sier at den dagen tre søstre fra Flatdal gifter seg på samme dag skal Spådomsnuten rase ned i Flatsjø og skape en flodbølge. Som angivelig skal nå helt opp til dørklinka på gamle Nutheim gjestgiveri.

(Referanse: Nrk.no, 3. juni 2017)

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentera at det er teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) opplys om koparførekosten Eisand8 og “forventar at det innhentast meir informasjon om koparførekosten med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning”. Vi finn området Prestårhus i kartlaget “Mineralressursar – industrimineral, metall og naturstein” til NGU, men ikkje Eisand8. Fleire områder skal kartleggjast i Telemark denne sumaren, og me tolkar NGU si oversikt slik at dette også omfattar tilbodsområdet. Statsforvaltaren har ikkje eigen kompetanse på mineral, og vel å senda høyringdokument til både DMF og NGU.

Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE) opplys om at det er nettanlegg som kryssar områda og ber om at standardreglane for nettanlegg blir inkludert i verneforskriftene. Verneforskrifta er utforma i medhald av NVEs ynskje. Andre opplysningar om rørgate til eit minikraftverk og kraftverkstunnel til Sundsbarm kraftverk kan me ikkje sjå berører tilbodsområde.

Når det gjeld uttalen frå Landbruksdirektoratet, vil vi kommentere at området som blir foreslått verna ikkje har aktive støl/seterbusetnad innanfor tilbodsområde. Dersom det skulle vera aktuelt med beitedyr her er det teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 bokstav g, § 6 bokstav a, § 7 bokstav e og f.

Andre utsegn blir tekne til etterretning.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med områdeskildringar, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift blir sendt på ein felles sentral og lokal høyring. Målet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli ramma av den planlagde fredinga.

Etter høyring vil Statsforvaltaren oppsummera høyringa, kommentera eventuelle utsegner og utarbeida ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter laga innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding blir gjort ved kgl. Res. av Kongen i statsråd.



Gamal granskog aust for Listaul.


Foto: J.G. Brynjulvsrud

5. Verneplanens omfang

Namn	Kommune	Tal på grunneigedoma	Totalareal	Verneverdi
Spådomsnuten	Seljord	1	5449	Regional (**)

6. Faktaark

LOKALITET:	Kivledalen og Spådomsnuten
KOMMUNE:	Seljord
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	5 449 daa
HØGDE OVER HAVET:	160-1074 m.o.h
EIGEDOMAR I TILBODSOMRÅDET:	Gnr./bnr.: 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 52/5, 52/8, 52/10, 53/1, 53/6, 56/1, 56/3, 61/1, 63/10, 63/13, 65/4, 68/10, 68/16 og 70/3.
EIGEDOMAR I HUMLENESET NR.:	Gnr./bnr.: 65/5, 66/6, 68/10, 68/11, 69/24, 71/9



Utsyn mot garden Kivle og Såvestaulnuten.

Foto: Rune Nordeide

Tilbudsområdet er kartlagt som fire delområde sidan tilboda har kome på ulikt tidspunkt. Kartleggingane er gjennomført i perioden 2020- 2022. Området Kivledalen er kartlagt etter DN håndbok 13 og fekk regional verneverdi (**). Kivledalen Vest er kartlagt etter ny metodikk og fekk ein score på 5.17 i Skoganalyse. Kivledalen Øst er og kartlagt etter ny metodikk, og fekk ein score på 4.67 i Skoganalyse. Spådomsnuten blei kartlagt etter ny metodikk som det siste området i 2022, og fekk ein score på 6.25 i Skoganalyse. Rapportane er skrivne på bokmål frå kartleggarane si side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom Områdeskildring og det vi har lagt til, er difor på bokmål.

OMRÅDESKILDRING

Området ligger like nord for Seljord sentrum i Seljord kommune. Tilbudsområdet utgjør lisidene under fjellpartiet Skorva. I nord ligg vatnet Flatsjå der tilbudsområdet grenser til eit lite reservat ved navn Humleneset. Frå Flatsjå går foreslått verneområde opp mot Humlenesfjellet og Spådomsnuten. Vidare sørover mot Karlstaul og Listaul før det dreier vestover i bratte lisida ovanfor Kivlegrendi.

Området omfattar i hovudsak aust, sør- og sørvestvendte lisider der ein finn ope berg, blokkmark, skrejord og bekkekløftar og myrlendt terreng. Også skogen har store variasjonar med gamal granskog, tørr furuskog, boreal lauvskog, rik edellauvskog og myrlendt mark. Nedre del av skogen er kulturpåvirka, og i edellauvskogen finst styva tre. Berggrunnen i området består i hovudsak av kvartsitt og kvartsskifer, og lausmassane av morenemateriale.

Noreg er delt inn i sju bioklimatiske seksjonar der områda ligg i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon O1. Dei som har kartlagt finn at området ligg i sørboreal, boreonemoral og nemoral sone.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Eksposisjon, råme, geologi, høgdslag og andel lausmasser avgjør i stor grad vilkåra for vegetasjonen i området. Starter vi i vest frå Skriustøl, er det mest fattige vegetasjonstypar av type blåbær- og bærlyngvegetasjon som dominerer. Også spredte flater med fattig myrlendt terreng finst.

I sør og rett opp for Kivlegårdene og Kivlegrendi dominerer rike vegetasjonstyper, og det meste av arealet er kulturpåvirket i varierende grad. En stor andel kan føres til høstingsskog, og det forekommer engrester av historiske beitemarker og slåttemarkar (semi-naturlig eng). Treslagsfordelingen er rik med edelløvdominerte arealer med alm, ask, hassel, spisslønn og enkelte eiketrær. I en stor andel av de edelløvdominerte arealene er det forholdsvis tett med gamle individer av alm og ask hvorav en stor andel er hule. Dette gjelder i særdeleshet der det forekommer tidligere styvede trær.

I de østre områdene nedenfor Spådomsnuten dominerer eldre og gammel granskog med varierende innslag av bjørk i de høyereliggende områdene. En del av disse skogene innehar rikelige forekomster med dødt virke, god spredning i nedbrytningsstadier, og gammelskogsarter. Lenger ned i lisidene blir treslagssammensetningen rikere. Gran dominerer tresjiktet i store deler av lisidene, men mindre partier av edelløvdominert skog og furu på de skrinne kollene. I tillegg til flere grunne kløfter, forekommer to forholdsvis markerte bekkekløfter i området; Spådomsklaven og Listaulskaret. I Listaulskaret finnes naturskog med frisk rik edellauvskog (NT) bl.a. råttvebladmose (EN) som kan sies å være en signalart for vassdrag i skog med høy naturverdi. I de lavestliggende områdene ved Kløvhegni og på Humlenes er skogen i grove trekk yngre enn i øvrige deler av området. Ved Humlenes forekommer også gammel høstingsskog, med en del grove almetrær. Små partier med flomskogsmark (VU) forekommer på Humlenes og ved Kløvhegni, og kalk- og lågurtfuruskog (VU) har noen få marginale forekomster.

Boreale løvtrær som bjørk, osp, rogn og gråor forekommer i varierende grad i hele området. Furu er det dominerende treslaget på kollene. Skogen i området er på det jevne ikke veldig gammel, og en del arealer er å regne for suksessjoner på gammel kulturmark. På de mest produktive delene er det til dels store mengder død ved i ulike nedbrytningsfaser av alle treslag som finnes i området. Skogen er mye flersjiktet med god spredning.

VERNEINTERESSER

Det er utført kartlegging av nøkkelbiotopar (MiS) i delar av undersøkelsesområdet som ein del av skogbruksplanlegginga.

Artsmangfold

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå *Norsk rødliste for arter 2021* til Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

Til saman er det påvist 38 raudlisteartar. Desse spreier seg med 6 sterkt trua EN, 7 sårbar VU, 25 nær trua NT. Dei sjeldne og trua artane finnes i ulike habitat og i mange artsgrupper. Desse fordeler seg på jord- og vedboande sopp, mosar, lav og karplantar.

Naturtypar

Etter DN-håndbok 13 er det avgrensa 12 kjerneområder der fire er A-områder (svært viktig), sju er B-områder (viktig) og ett område er C-område (lokalt viktig). Norsk raudliste for naturtypar 2018 er basert på kartleggingssystemet Naturtypar i Noreg (NiN). Følgjande raudlista naturtypar er funne i området: Frisk, rik edellauvskog (NT), Lågurtedellauvskog (VU), Høgstaude edellauvskog (VU), Kalk- og lågurtfuruskog (VU), Flomskogsmark (VU).

Økologisk nettverk og mangelinndekking

Kivledalen og Spådomsnuten vil være eit viktig tilskot til vernearbeidet i Telemark. Avstanden til verneområda langs Seljordsvatnet er ikkje særleg stor, og det nye området vil inngå i eit viktig nettverk av verneområde i denne “hotspot”-regionen.

Samla vurderer Statsforvaltaren at området strekk seg mot nasjonal verneverdi. Området dekkjer manglar i høve til mangelanalysen for skogvernarbeidet i Norge (Framstad mfl. 2017). Området oppfyller regionale manglar i skogvernet ved at store deler av skogdekt areal kan føres til rik blandingskog i låglandet som har stort udekka vernebehov i regionen.



*Utsikt over Seljord og Seljordsvatnet frå vegen mellom Haugen og Karlstaul i tilbodsområde.
Foto: Rune Nordeide*

FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur med ein mosaikk av rik edellauvskog og kalk- og lågurtfuruskog, samt sjeldne og trua artar av fleire organismegrupper
- representerer ein bestemt type natur i form av bratte lisider med bekkekløfter, stup og skredjord

ANDRE INTERESSER

- Det går merka tursti i setervegen mellom Haugen til Skorva. Stien er ein av tre stiar kommunen har laga turistfolder for.
- Ovenfor garden Haugen ligg ein tidlegare husmannsplass kalla Haugsrud der det berre er ruinar igjen. Dette reknast som kulturminne.
- Skorven eller tilbodsområdet ligg på utsida av sone leveområde villrein (kilde: Naturbase)

TEKNISKE INNGREP

- Der går ei høgspectline nedanfor tilbodsområdet ved Kivle.
- Tilbodsområdet grensar 800 m til den private Kivledalsvegen
- Det er laga fleire traktorveggar i området mellom Haugen og Listaul. Hovudvegen går mellom Haugen og Karlstaul der det er fleire sideveggar.

- På vegen mellom Haugen og Karlstaul ligg det ein basestasjon som er tilkobla straum frå isolert kabel.
- Frå Sundsbarmvatnet går det overføringstunnel til Sundsbarm kraftverk ved Seljord. Tunnelen er samanhengande, og det er ikkje kjent at dette inngrepet påverkar natur i tilbodsområdet. Det finst ein luftekanal med åpning nedanfor Karlstaul. Denne har frådelt tomt, og inngår ikkje i verneområdet. Kraftverket vil gjennom forskriften behalde dei rettighetane dei måtte har for tilkomst, inspeksjon og vedlikehald.

PLANSTATUS

Verneforslaget ligg fullt ut innanfor område avsett til LNFR (natur- og friluftsområdet i landbruks-). Ved Humeneset ligg det omsynssone landbruk (H510_4). Ved Kivledalen ligg det omsynssone for bevaring naturmiljø (H560_10). Kraftlinje hjå tilbodsområda er markera som omsynssone Høgspenningsanlegg (H370). Tilbodsområde overlappar nokre stader med sone for spreidd fritidsbustad (LSF10 Sundsbarm)) og med sone for bustad (LS 8 Kivledalen). Statsforvaltaren legg til grunn at grunneigarane er medvitne om at et vern vil hindre moglegheiter for eventuelle frådeling av tomter.

På vestsida av vatnet Flatsjø er det en reguleringsplan datert 7.10.2021 for “tursti og fjellbru”. Traseen går langs heile vestsida av vatnet der grunneigar av gbnr 68/10 har tilbode vern. I høyringskartet har Statsforvaltaren latt verneområde ende ved reguleringsgrensa.

MERKNADER

Grunneigar av gnr/bnr 53/1 ønskjer i brev av 25.5.25 å trekkja ut traktorvegnet som går frå Kivledalsvegen til Karlstaul, Listaul og Såvestaul. Grunngivinga er naudsynt slått, mogleg husdyrdrift, vedlikehald av bygningar, tilkomme til bakanforliggende jakt- og fiskeområde. Vegen er svært bratt (38%) og eigar skriv at det er avgrensa kor mykje last ein kan ta med på kvar tur. Slikt sett vert det eit større kjørebehov. Statsforvaltaren meiner at mange av behova kunne vert løyst gjennom dei ordinære verneføresegna, sjølv om det er eit argument at lasstørrelsa vert avgrensa av at vegen er uvanleg bratt. Det er uheldig at verneområdet blir splitta opp ved at vegar tas ut. Samtidig er det viktig å behalde areala frå denne eigedomen - som er den største- i verneområdet. Høyringsdforslaget inneber ei mellomlysing der vegen opp til Karlstaul vert grensa ut medan dei andre vegane markerast og vert ein del av verneområdet. Dette er og ei lysing som grunneigar kan akseptere.

Oppstartsmeldinga hadde ei avgrensing som i stor grad fylgde tilbodet. Før høyringa er vernegrensa justert på ein rekke steder for å holde kraftlinjer og vegar utanfor verneområdet. På eigedomen 56/3 er verneforslaget utvida noko sidan oppstart.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen under viser skogdata for tilbodsområdet.

Namn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
	daa	H (20-23)	M (14-17)	L (6-11)	Sum	Myr	Snaufjell	Vatn	Imp.	m ³	m ³
Kivledalen og Spådomsnuten	5449	99	1499	2903	4501	12	936			1575	

Skogdataene er levert av AT skog.

LITTERATUR

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

Blindheim, T. 2021. Kivledalen øst. Skogvern-ID, SKOGVERN 2110005242 Skoganalyse. BioFokus

Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Kivledalen, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.

Brynjulvsrud, J. G., Blindheim, T. 2021. Kivledalen. Skogvern-ID, SKOGVERN2110007700 Skoganalyse. BioFokus.

Brynjulvsrud, J. G. 2022. Spådomsnuten Skogvern-ID, SKOGVERN 2210015213 Skoganalyse. BioFokus

Edvardsen E. 2004. Viktige naturtyper i Seljord kommune

Halvorsen, R. 1999. Viktige botaniske lokaliteter i Telemark. Fylkesmannen i Telemark. Fagrapport 7/1999

Naturbase: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase>

7. Forslag til verneforskrift

Kommentarar til forskrifta

Dette er ei kraftig utviding av det 18 daa store Humleneset naturreservat. Dette reservatet vart oppretta 28. april 1978. Reglane er slik at ny verneforskrift må lagast om den opphævelege er eldre enn naturmangfaldlova frå 2009.

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning. Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar.

Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 til rydding og vedlikehald av stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på vegar og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

Forslag til verneforskrift

Forskrift om vern av Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat, Seljord kommune, Telemark

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62 [og § 77]. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur med ein mosaikk av rik edellauvskog og kalk- og lågurtfuruskog, samt sjeldne og trua artar av fleire organismegrupper
- b. representerer ein bestemt type natur i form av bratte lisider med bekkekløfter, stup og skredjord

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr i Seljord kommune: 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 52/5, 52/8, 52/10, 53/1, 53/6, 56/1, 56/3, 61/1, 63/10, 63/13, 65/4, 65/5, 66/6, 68/10, 68/11, 68/16, 69/24, 70/3 og 71/9.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 5449 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Seljord kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode. Forbode gjeld ikkje bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved eller på tilrettelagte bålplassar, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. fjerning av vegetasjon langs jordekantar som hindrar maskinbruk på dyrka mark. Vegetasjonen skal bli liggande igjen i naturreservatet
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar avmerkt på vernekartet.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med traktor og ATV på traktorveg avmerkt på vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d
- f. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- g. naudsynt motorisert transport av ved, materialar og utstyr til hytte på gnr./bnr. 53/1 ved øvre Tveitjønn utanfor verneområdet

- h. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4
- i. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav c,d,e,f og g og § 7 bokstav a, b og d.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift FOR-1978-04-28-15 om vern for Humleneset naturreservat i Seljord kommune oppheva.